



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa for barnehage

VURDERINGSRAPPORT

JONDAL BARNEHAGE



Jondal Barnehage, Liv-Helga Gulestøl, 53669581, liv-helga.gulestol@jondal.kommune.no

Dato for vurderinga frå 26.10 til 29.10 2009



1 – Føreord

Regionalt samarbeid om vurdering og kvalitetsutvikling

Med utgangspunkt i gode erfaringar med skulevurdering og ynskje om å laga tilsvarende vurderingsprogram for barnehagar, vert det sett i gang eit prosjekt med utarbeiding av vurderingsverktøy for barnehage.

Grunngiving av behovet finn ein også i Rammeplan for barnehagen Kap. 4.3 Vurdering av arbeidet i barnehagen.

Rammeplanen seier: "Vurdering som blir gjort tilgjengeleg for andre, kan bidra til ein open og brei debatt om måla, innhaldet, oppgåvene og kvaliteten i barnehagen."

Vidare: "Systematisk vurderingsarbeid legg grunnlaget for barnehagen som lærande organisasjon".

Skule- og barnehage ansvarlege i kommunane i Hardanger/Voss har vedteke å oppretta ei vurderingsgruppe i regionen. Regionen består av mange små kommunar som kvar for seg ikkje maktar å gjennomføra ekstern vurdering. I det regionale samarbeidet er økonomiske og personlege ressursar samla og nytta på tvers av kommunegrensene på ein god og effektiv måte.

Føremålet er at vurderingsgruppa skal vera til hjelp i arbeidet med pedagogisk kvalitetsutvikling i barnehagen.

- Sikra kvalitetsutvikling
- Erkjenning av at barnehagen treng, og kjem til å få "auge utanfrå"
- Ekstern hjelp i vurderingsarbeidet
- Oppfylle kravet i Lov om barnehagar §10 om kommunen sitt ansvar for tilsyn.

Kven er vurderar?

Vurderingsgruppa er under oppbygging og er samansett av pedagogar i barnehagar frå Hardanger/Voss regionen. Dei har brei og variert pedagogisk bakgrunn, og målet er at me skal vurdera dei kommunale barnehagane i regionen i løpet av 6 år. Ingen vurderer barnehagar i eigen kommune.

Progresjon i vurderingsarbeidet

- Barnehagen gjennomfører Ståstadsanalysen i god tid før vurderingsarbeidet tek til.
- Barnehagen vel eit fokusområde for vurdering i samsvar med resultat frå ståstadsanalysen
- Barnehagen sender resultatata frå ståstadsanalysen og bakgrunnsmateriell til vurderarane
- Vurderingsparet førebur sjølv vurderinga av barnehagen. Utarbeiding av kriterium, metodeval og verktøy vert tilpassa det barnehagen ynskjer fokus på.
- Sjølv vurderinga vert gjennomført.

Rapporten

Vurderingsparet skriv ein rapport om resultatet av vurderinga. Rapporten trekker fram verksemda sine sterke sider, og kva utfordringar barnehagen har. Han gjev også informasjon om rammene for vurderinga – tidsbruk, metodeval, verktøy m.m.

Vurderinga tek ikkje mål av seg til å gje eit fullstendig bilete av barnehagen, men vera eit bidrag til kva ein skal arbeida vidare med innan det fokusområde som er vurdert.

Det er ynskje at dei reiskapar og metodar som har vorte nytta skal overførast til det interne vurderingsarbeidet barnehagen årleg arbeidar med.



2 – Fakta om barnehagen

Jondal barnehage, slik den er i dag, vart bygd i 1995. Barnehagen er kommunal og har 3 avdelingar: Veslefrikk og Askeladden med born i alderen 3-6 år, og Tommeliten med born i alderen 1- 3 år. Dette barnehageåret er det 46 born i barnehagen. Barnehagen har 9,6 årsverk fordelt på 12 tilsette. Av desse er det 4 pedagogar med førskulelærarutdanning. Dei andre tilsette er assistentar.

Barnehagen ligg i Jondal sentrum, med nær tilknytning til skuleanlegg med gymnastikksal, symjebasseng, bibliotek og til musikk/kulturskulen.

3 – Vurderingstema

Jondal barnehage har bede om vurdering på fylgjande tema:

Barnehagen som lærande organisasjon og barn sin medverknad i planlegging og vurdering.

4 – Kriterium / Kvalitetskrav

Kriterium tyder her krav til kjenneteikn på god kvalitet. Dei fastsette kriterium er henta frå lov, regelverk, rammeplan for barnehagen 2006, lokale planar og barnehagen sine egne planar.

Når vurderingsparet gjennomfører ei vurdering, vert kriterium samanlikna med den informasjon som er samla om temaet gjennom intervju og observasjon i barnehagen, i tillegg til dei dokument som barnehagen har lagt fram.

Kriterium i denne rapporten er utforma av vurderingsparet, og godkjende av barnehagen.



Bakgrunnen for omgrepet: Tidlegare var det vanleg å samle på glansbilete. Englane med glitter på vingane, var dei spesielt vakre. Ingen veit eksakt korleis englar ser ut, men ein kunne vel ynskje at dei såg ut som på gamle glansbilete!



Glansbilde

Tema: Barnehagen er ein lærande organisasjon og born har medverknad

Kriterium	Teikn på god praksis
Barnehagen har ei tydeleg leiing	<ul style="list-style-type: none">❖ Styrar er tydeleg pådrivar og tilretteleggjar av utviklingsarbeidet i barnehagen❖ Roller og ansvarsfordeling er tydelege i barnehagen❖ Leiarane tek ansvar for planar og vedtak, og fylgjer dei opp❖ Leiinga syter for at alle får brukt kompetansen sin❖ Leiarane gjev fagleg støtte og rettleiing til personalet
Barnehagen er ein lærande organisasjon	<ul style="list-style-type: none">❖ Det er sett av tid til jamleg refleksjon og drøfting av eigen praksis❖ Det er sett av tid slik at personalet saman kan drøfta barnehagen sitt syn på læring❖ Personalet kjenner seg involvert i og forplikta av felles planar❖ Personalet gjev kvarandre tilbakemelding på arbeidet dei gjer
Borna vert tekne med i planlegging og vurdering	<ul style="list-style-type: none">❖ Personalet reflekterer rundt eigen praksis i høve borna sin medverknad❖ Barnehagen har rutinar som sikrar alle borna medverknad❖ Personalet er opne for borna sine initiativ og interesser❖ Innspel og synspunkt frå borna vert ivaretekne og synar att i planar og praksis❖ Fysisk tilrettelegging fremmer borna sin medverknad
Foreldra opplever at dei og borna får medverka på innhaldet i barnehagen	<ul style="list-style-type: none">❖ Foreldra får delta i planlegging av det pedagogiske innhaldet❖ Innspel og synspunkt frå foreldra vert ivaretekne og synar att i planar og praksis❖ Foreldra opplever at borna sine initiativ vert ivaretekne❖ Foreldra opplever at barnehagen har gode rutinar for at alle borna får medverka



5 – Deltakarar i vurderinga

- Interne: Alle tilsette, foreldre og borna i barnehagen
- Eksterne: Solgunn Wiik Bjørke og Anne- Line Mæland

6 – Tidsbruk

Det er avsett 1 veke til å vurdere ein barnehage. Dette inneber i hovudsak ein startdag der vurderingsparet møter barnehagen for fyrste gong for avklaringar og planlegging. Under sjølve vurderinga, er vurderingsparet i barnehagen i inntil 3 dagar. Barnehagen får rapporten umiddelbart etter vurderingsdagane. I forkant og undervegs førebur vurderingsparet informasjon, metodar, verkty og driv informasjonsbearbeiding og oppsummeringar. Styrar vert oppdatert om arbeidet heile vegen. Å gjennomføra ei kvalitetsvurdering på 3 dagar er knapp tid, og inneber ei avgrensing av vurderinga.



TIDSPLAN for vurdering av Jondal barnehage

Tid	Aktivitet	Ansvar
Veke 38	- Barnehagen gjennomførte ståstadsanalyse	Styrrar
22.9	- Laga glansbilde og utkast til tidsplan	vurderarane
25.9	- Senda glansbilde til Jondal Barnehage	Vurderarane
Veke 42	- Jondal Barnehage godkjenner glansbildet eventuelt senda merknadar tilbake til vurderarane	styrrar
Veke 42	- Laga ferdig og senda tidsplan for vurderingsveka til Jondal Barnehage	
13.10	- Møte mellom Vurderarane og Jondal Barnehage på hotell Ullensvang	
Veke 43	- Gjera ferdig intervjuguidar	Vurderarane
25. 10	- Vurderarane reiser til Jondal i same bil	
Vurderingsveke: veke 44 26-29.oktober		
26.10	08.30 Møte med styrrar. Gjennomgang av plan for vurderingsveka Me går rundt på avdelingane og helsar på born og personale 09.30-11 Delta på avdelingsmøte Askeladden 12.30 Intervju med barnegruppe 4 born 13.30 Intervju med barnegruppe 4 born 14.30 Oppsummeringsmøte med styrrar 19.30 Foreldremøte	Styrrar vel grupper
27.10	08.30 Observasjon 10.00- 11.00 Intervju med pedagogiske leiarar 13.00- 14.00 Intervju med assistentar 14.30 Oppsummeringsmøte med styrrar	Styrrar vel grupper
28.10	08.30- 09.30 Intervju med styrrar 10.00 -11.00 Intervju med assistentar 12.00 Observasjon 15.00 kort oppsummeringsmøte med styrrar	Styrrar vel grupper
	14.00 Ferdig rapport 15.00 Framlegging rapport til styrrar 16.30- 17.30 Framlegging rapport for personalet	Vurderarane
	- <i>Styrrar rapporterer attende til barnehagefagleg ansvarleg korleis barnehagen har arbeidd med utviklingsområda sine.</i> - <i>Orienterer det politiske fagutvalet</i>	Barnehagestyrrar



7 – Metodar

For å sikra god forankring og at alle røyster vert høyrde, hentar vurderarane inn data frå fleire andre kjelder (kjeldetriangulering). Informantane er det vurderarane som plukkar ut, for eksempel ved å ønskja å møta og intervju 5 åringar og eventuelt 4 åringar, eit utval av føresette i barnehagen og eit utval av personalgruppa; pedagogar, assistentar og fagarbeidarar. Det kan også vera aktuelt å gjennomføra observasjonar blant barn og tilsette i barnehagen.

For å styrka kvaliteten på dei data me finn, nyttar me ulike metodar for datainnsamling (metodetriangulering). Gjennom eit breitt spekter av metodar tek vurderarane temperaturen på den pedagogiske praksisen til barnehagen, og på korleis barnehagen fungerer som organisasjon.

Tema og tid til rådvelde verkar inn på val av metode. I prosessen i denne barnehagen er følgjande metodar nytta: Observasjon, intervju, samtale og dokumentanalyse.

Dokument- og resultatanalyse

På førehand, etter at barnehagen hadde gjennomført ståstadsanalyse og før vurderarane vitja barnehagen, sende barnehagen relevante dokument til vurderarane. Til dømes arbeidsplanar; årsplan, verksemdsplan, fagplanar, månadsplan, vekeplanar, møteplan og kompetanseplan. Resultat av brukarundersøkingar blant barn, føresette og personalgruppa og medarbeidarundersøking.

Kriterium og teikn på god praksis

Vurderingsparet utarbeidde forslag til eit glansbilete med kriterium og teikn på god praksis. Dette med utgangspunkt i rammeplan for barnehage - 06, barnehagelova med forskrift og barnehagen sine planar. Framlegg til kriterium med teikn på god praksis vart drøfta i barnehagen. Barnehagen godkjende desse.

Samtaleguidar

For å fanga lik tematikk, har vurderarane i førekant utarbeidd ulike guidar til hjelp for samtalar med høvesvis 5- åringar, føresette, assistentar/fagarbeidarar og pedagogar.

Møte med føresette

Ein føresetnad for god barnehageutvikling er god dialog mellom heim og barnehage. Føresette må få høve til å involvera og engasjera seg. I løpet av denne vurderinga har me hatt møte med foreldre i barnehagen.

Møte med styrar

Styrar har ei nøkkelrolle i utviklingsarbeidet som barnehagen skal ta tak i når konklusjonane i rapporten ligg føre. Ein god dialog med styrar dannar grunnlag for gjensidig forståing av barnehagen sin no - situasjon og for vidare arbeid. Det har vore informasjonsmøte med styrar kvar dag.

Observasjon

Me observerte i kvardagssituasjonar inne og ute på alle avdelingane.



8 – Barnehagen sine sterke sider innan vurderingsområdet

Kriterium: Barnehagen har ei tydeleg leiing

Styrar sin oppgåve inneber å syta for at den enkelte medarbeidar får ta nytta sin kompetanse.

Styrar og dei pedagogiske leiarane har eit særleg ansvar for planlegging, gjennomføring, vurdering og utvikling av barnehagen sine oppgåver og innhald (rammeplan s. 16)

Styrar er ein tydeleg pådrivar og tilretteleggjar av utviklingsarbeidet i barnehagen. Dei pedagogiske leiarane seier at ho ynskjer at dei skal reisa på kurs og ta vidareutdanning. Ho har alltid godt humør, er positiv og tek tak i nye ting.

Når det gjeld roller og ansvarsfordeling så meiner dei aller fleste at dette er klart og tydeleg i barnehagen. Leiarane og assistentane er på bøljelengde, dei veit kor dei har kvarandre og alle gjev uttrykk for at det er eit godt arbeidsmiljø der alle trivst. Alle i personalgruppa har høve til å uttala seg og koma med forslag til det pedagogiske innhaldet.

Alle meiner at planar vert fylgd opp.

Dei fleste meiner dei får høve til å arbeida med det dei er gode på. Styrar har sendt ut signal om at alle skal få nytta kompetansen sin.

På avdelingsmøte får assistentane støtte og positive tilbakemeldingar av leiar på aktivitetar dei har gjennomført.

Møta vert òg nytta til å reflektera rundt einskildbarn og til dømes korleis dei skal snakka med borna.

Kriterium: Barnehagen er ein lærande organisasjon

Barnehagen skal vera ein lærande organisasjon slik at den er rusta til å møte nye krav og utfordringar (rammeplan, s. 16)

Planleggingsdagar er blitt nytta til drøfting av barnehagen sitt syn på læring. Dette gjeld særleg matematikk. I situasjonar som til dømes borddekkning, i formingsaktivitetar og i samlingsstund er personalet bevisste på dette fagområdet.

Alle er involverte i og kjenner seg forplikta av felles planar.

Når det gjeld å gje kvarandre tilbakemelding i kvardagen, meiner alle at dette er viktig og at dei gjer det til ein viss grad.

Kriterium: Born vert tekne med i planlegging og vurdering

Born skal jamleg få høve til aktiv deltaking i planlegging og vurdering av barnehagen si verksemd.... Barnet sine synspunkt skal tilleggast vekt i samsvar med alder og mogning (rammeplan, s.13).

Vedrørande refleksjon rundt eigen praksis i høve borna sin medverknad, så snakkar personalet ofte om dette på huset. Dei har konkrete målsetjingar om kva dei vil med



verkstadgruppene. Her får borna velja kva aktivitet dei vil vera med på. Dei har nokre rutinar som sikrar alle borna medverknad, blant anna får borna velja kva dei vil leika med i frileiken, dei får bestemma farge på bursdagskrone og dei er ordensbarn ei veke om gongen. Dette samsvarar med det borna og foreldre seier.

Vurderarane såg at personalet på småbarnsavdelinga var lydhøyre og opne for borna sine initiativ og interesser. Borna vert sett og deira signal og ytringar tekne på alvor, Dei er ofte på tur og då går dei dit som dei veit at borna trivst. På denne avdelinga er dei fleste leikene lagt til rette slik at borna kan finna det dei vil leika med sjølv.

Kriterium: Foreldre opplever at dei og borna får medvirka på innhaldet i barnehagen
Foreldre må kunne vera trygge på at borna deira vert sett og respektert og får ta del i eit fellesskap som gjer dei godt (rammeplan s. 15).

Foreldre er engasjerte i og opptekne av kva borna gjer i barnehagen. Dei får ta del i planlegginga av det pedagogiske innhaldet ved til dømes å koma med innspel og synspunkt på foreldremøte, foreldresamtalar og elles i hente og bringesituasjonen. Foreldre opplever at innspela deira vert tekne på alvor og dei kan sjå dei att i ulike aktivitetar i barnehagen og i årsplanen.

Barnehagen sine sterke sider er vurdert ut ifrå observasjonar og intervju som vurderarane har gjennomført og frå ulike dokument som årsplan, månads- vekeplanar og brukarundersøking.

9 – Barnehagen sine utviklingsområde innan vurderingsområdet

Barnehagen har ei tydeleg leiing

Styrrar kan vera ein tydelegare leiar av det pedagogiske arbeidet.

Ho vil at barnehagen skal gå endå meir i djupna på faglege emne. Dei pedagogiske leiarane må vera pådrivarar for å få implementert endra praksis ute på avdelingane.

Hindringar er gjerne ”tregheit” i organisasjonen og vegring mot å ta opp kontroversielle saker.

Leiarane i barnehagen må arbeida for å betra barnehagen sin praksis i høve rammeplan og Lov om barnehagar på t.d. borna sin medverknad

Leiarane i barnehagen må klargjera ansvarsfordeling og roller i sin organisasjon. (Rammeplanen side 47).

Sjølv om dei fleste opplever å få brukt kompetansen sin i det daglege arbeidet, ser me at personale med musikk som interesse og fag kan få bruka denne i t.d. ei 5. verkstadgruppe

Personalgruppa ynskjer meir fagleg innhald på personalmøta.



Barnehagen er ein lærande organisasjon

Det bør utviklast betre rutinar for planlegging, gjennomføring og refleksjon/vurdering av eige arbeid. Assistentane har ansvar for aktivitetar og ynskjer meir tid til å planleggja aktivitetane betre, slik at desse vert målretta og i samsvar med planar i barnehagen.

I etterkant av aktivitetar er det behov for meir refleksjon. Både pedagogiske leiarar og assistentar ynskjer meir refleksjon rundt formelle og uformelle læringssituasjonar. Dei må setja ord på den tause kunnskapen og gje meir konstruktiv tilbakemelding til kvarandre. (Rammeplanen side 49 og 50).

Det ser ut til at organisering og innhald på personalmøta må endrast. Dei kan bli kortare med meir fagleg innhald og strammare sakliste. Personalet ynskjer fagtema på møta.

Borna vert tekne med i planlegging og vurdering

”Me har eigentleg ikkje snakka om kva me legg i det”.

Her lyt det snakkast, drøftast og reflekterast rundt omgrepet medverknad.

Intervju og observasjon fortel oss at personalet planlegg, organiserar og legg til rette for borna sine aktivitetar i beste meining. Personalet må ta borna med på råd og be dei om tilbakemelding på kvardagen sin. (Jf. Lov om barnehagar §3 og Rammeplan side 13 og 14).

Barnehagen har verkstadgrupper der borna kan velja mellom 4 aktivitetar. Arbeidet med verkstadgrupper er meint å sikra alle borna medverknad. Men gruppene har makstal på medlemmer, og vert ”fulle”.

Dette fører til at fleire må nøya seg med noko anna enn det dei helst ynskjer. ”Av og til er det fullt på gruppa, då er det nokon som vert lei seg”

Personalet må drøfta dette opplegget.

Det verkar som om personalet har vanskeleg for å tenkja medverknad for dei minste borna. I fylgje barnehagelova har dei minste borna same rett til medverknad som dei eldre, men tilpassa sin alder og modning.

Det trengst å utviklast rutinar for å spørja borna om kva dei ynskjer og korleis dei hadde det etter gjennomførte aktivitetar.

Borna sin tilgang til leikemateriale må revurderast, både inne og ute.

På 3-6 års avdelingane har borna i realiteten tilgang på få leikeaktivitetar som stimulerer rolle og konstruksjonsleik, sidan dei er inndelt etter ein modell som ikkje fungerer lenger.

Borna må få tilgang til syklar, sandleikar og andre uteleiker når dei kjem ut.

Tilgjengelege leiker og materiell i eit oversiktleg miljø, skapar grunnlag for borna sin leik og aktivitetar og for organisering av ulike læringssituasjonar (Rammeplan side 16.)

Dette byggjer på informasjon i intervju med born, personale og foreldre.

I tillegg har me gjort observasjonar som er med og underbyggjer konklusjonane våre.



10 – Vidare arbeid

Me ser at det er mange ulike område barnehagen lyt ta tak i .
Barnehagen må sjølv prioritera og velja kvar dei vil starta.
Me ser at det særleg er tre område som peikar seg ut:

- Tilrettelegging av fysisk miljø som fremmar borna sin medverknad på alle avdelingane
- Personalet drøftar omgrepet medverknad ut frå Rammeplan og Temahefte om barns medverknad
- Leiarane i barnehagen må klargjera ansvarsfordeling og roller i eigen organisasjon

6 månader etter at barnehagevurderinga finn stad, vil styrar rapportera attende til barnehagefagleg ansvarleg korleis barnehagen har arbeidd med utviklingsområda sine. Det politiske fagutvalet vil få ei orientering.

Jondal, 29. 10.09

Solgunn Wiik Bjørke og Anne- Line Mæland



Vedlegg 1

1 – Dette sa barna

Kriterium

Borna vert tekne med i planlegging og vurdering

Kva er det kjekkaste med å vera i barnehagen	
Er det andre ting de skulle ynskje at de gjorde i barnehagen	
Kva ville de ha gjort meir av?	
Kven er det som bestemmer kva de skal gjera i barnehagen?	
Borna då? Får dei bestemta? Kor tid? Kva?	
Er det nokon som får bestemta meir enn andre?	
Dersom det er noko de ikkje har lyst til, høyrer dei vaksne på dykk då?	
Er de av og til på tur? Kven bestemmer kor de skal gå? Om de finn/opplever noko spennande på turen, er dei vaksne interesserte?	
Spør dei vaksne dykk om korleis de har hatt det når de har vore på tur eller de har hatt fest? Verkstad?	
Får de koma med forslag om kva de skal gjera på når de har verkstad?	

2 – Dette sa foreldra

Set opp punkt som de meiner Jondal barnehage er flink til	
Set opp punkt som de meiner barnehagen	



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa for barnehage

kan bli flinkare til	
Set opp punkt som foreldra kan bli flinkare til	
Foreldra får delta i planlegging av det pedagogiske innhaldet/Innspele og synspunkt frå foreldra vert ivaretekne og syner att i planar og praksis Korleis ?/På kva måte?	
Foreldra opplever at borna sine initiativ vert ivaretekne Korleis ?/På kva måte?	
Foreldra opplever at barnehagen har gode rutinar for at alle borna får medverka På kva måte?	

3 – Dette sa dei tilsette

Styrrar er tydeleg pådrivar og tilretteleggjar av utviklingsarbeidet i barnehagen	
Roller og ansvarsfordeling er tydelege i barnehagen	
Leiarane tek ansvar for planar og vedtak, og fylgjer dei opp	
Leiinga syter for at alle får brukt kompetansen sin	
Leiarane gjev fagleg støtte og rettleiing til personalet	
Det er sett av tid til jamleg refleksjon og drøfting av eigen praksis	
Det er sett av tid slik at personalet saman kan drøfta barnehagen sitt syn på læring	
Personalet kjenner seg	

Jondal barnehage
Dato: 26.10- 29.10.09



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa for barnehage

involvert i og forplikta av felles planar	
Personalet gjev kvarandre tilbakemelding på arbeidet dei gjer	
Personalet reflekterer rundt eigen praksis i høve borna sin medverknad	
Barnehagen har rutinar som sikrar alle borna medverknad	
Personalet er opne for borna sine initiativ og interesser	
Innspel og synspunkt frå borna vert ivaretekne og syner att i planar og praksis	
Fysisk tilrettelegging fremmer borna sin medverknad	
Foreldra får delta i planlegging av det pedagogiske innhaldet	
Innspel og synspunkt frå foreldra vert ivaretekne og syner att i planar og praksis	
Foreldra opplever at borna sine initiativ vert ivaretekne	
Foreldra opplever at barnehagen har gode rutinar for at alle borna får medverka	



Vedlegg 2

Observasjonspunkt:

Tema for vurderinga: Barnehagen er ein lærande organisasjon Borna har medverknad i planlegging og vurdering.....

Førebuing:

1. Teikna i observasjonsskjemaet er dei same som i glansbiletet (dei som er relevante å observera)
2. Skriv ned situasjonar der dette kan observerast

Teikn:

situasjon å observera i

❖ Styrar er tydeleg pådrivar og tilretteleggjar av utviklingsarbeidet i barnehagen	Planar, samspel, samtalar, i møte Avdelingsmøte
Observert:	
❖ Roller og ansvarsfordeling er tydelege i barnehagen	Møte, arbeidsfordeling på avdelingane Avdelingsmøte
observert	
❖ Leiarane tek ansvar for planar og vedtak, og fylgjer dei opp	Møte, samtalar, Avdelingsmøte
Observert	
❖ Leiinga syter for at alle får brukt kompetansen sin	avdelingsmøte, arbeidsfordeling Avdelingsmøte
observert	
Leiarane gjev fagleg støtte og rettleiing til personalet	møte, i arbeid på avdelingane Avdelingsmøte
Observert	
❖ Det er sett av tid til jamleg refleksjon og drøfting av eigen praksis	møte Avdelingsmøte
observert	
❖ Det er sett av tid slik at personalet saman kan drøfta om planar og tiltak er i samsvar med oppsette mål	møte Avdelingsmøte
observert	
❖ Personalet kjenner seg involvert i og forplikta av felles vedtak og planar	møte Avdelingsmøte



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa for barnehage

Personalet gjev kvarandre tilbakemelding på arbeidet dei gjer	møte Avdelingsmøte
Observert:	
Personalet reflekterer rundt eigen praksis i høve borna sin medverknad	møte Avdelingsmøte
observert	
❖ Barnehagen har rutiner som sikrar alle borna medverknad	lister, me spør etter system
observert	
❖ Personalet er opne for borna sine initiativ og interesser	inne, ute, vekeplanar Avdelingsmøte
observert	
❖ Innspel og synspunkt frå borna vert ivaretekne og syner att i planar og praksis	inne, ute, planar, utstillingar Avdelingsmøte
Observert:	
Fysisk tilrettelegging fremmar borna sin medverknad	inne,ute
Observert:	
❖ Innspel og synspunkt frå foreldra vert ivaretekne og syner att i planar og praksis	møte, planar
Observert:	